

LANDBRUKSKONFERANSEN 24. NOVEMBER 2023

KORLEIS KAN EIN AUKE SJØLVFORSYNINGSGRADA I NORGE PÅ EIN BÆREKRAFTIG MÅTE PÅ NORSKE RESSURSAR?



Pris for konferansen kr 300, inga påmelding

Program

- kl. 10.00 Velkommen med programleiar Odd Bjarne Bjørdal
10.05 – 10.30 Jenny Klinge - SP-politikar, medlem av Næringskomiteen på Stortinget.
10.35 – 11.00 Klaus Mitterzwei - Forskar på bærekraft ved Ruralis.
11.05 – 11.30 Egil Hoen - Nestleiar i Norsk Bondelag

Kaffipause

- 11.45 – 12.15 Tor Jacob Solberg - Styreleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag
12.20- 12.50 Marthe Bogstad - Kåra til Norges Ung Bonde 2023
12.50 – 13.10 Mariann Øye - Hotelldirektør Union Øye

Lunch

- 14.00 – 14.30 Anders Norstad - Tidlegare generalsekretær Norges Bonde og Småbrukarlag
14.35 – 15.05 Per O Lundteigen - SP politikar. 1. Nestleiar i Arbeids og sosialkomiteen på Stortinget
15.10 – 15.50 Debatt



LANDBRUKSKONFERANSEN 24. NOVEMBER 2023



foto: stortinget

Jenny Klinge- SP-politikar og stortingsrepresentant.

Har vore medlem av Næringskomiteen sidan 2021 og har vore stortingsrepresentant for Møre og Romsdal SP sidan 2008. Jenny Klinge tok for kort tid sidan eit knallhardt oppgjer i diskusjonen om norsk kjøttproduksjon. Ho meinar at byrådet i Oslo viser manglande forståing for forutsetningar det norske landbruket har til matproduksjon.



foto: ruralis

Klaus Mittenzwei- forskar på bærekraft ved Ruralis.

Mittenzwei er utdanna landbruksøkonom frå Universitetet i Bonn. I 2016 var han hovedredaktør for boka «Norsk jordbrukspolitikk: Handlingsrom i endring» publisert på Fagbokforlaget. Han tok doktorgrad ved Institutt for økonomi og samfunnsfag i 2021. For tida er han involvert i forskningsprosjekt rundt bærekraftig jordbruk, klimapolitikk og matvareberedskap



foto: erik tallaug

Egil Hoen, nestleiar Norges Bondelag.

Hoen driv med svin, ammekyr og korn på eigen gard i Hokksund. Han har vore leiar i Buskerud Bondelag frå 2014-2019. Egil er no 1. nestleiar i Norges Bondelag, og medlem av forhandlingsutvalet i bondelag. Hoen er oppteken av å arbeide for bærekraft i landbruket sin matproduksjon over heile landet.



foto: småbrukarlaget

Tor Jacob Solberg -Styreleiar Småbrukarlaget.

Solberg er 33 år og økologisk mjølkebonde i Skiptveit, Østfold. Han vart kåra til Årets unge bonde 2014. Han er styreleiar i Stiftelsen Norsk Mat, styreleiar i Norsk Bonde og småbrukarlag og vart ein av frontfigurene i Bondeopprøret i 2021. I vervet sine, jobbar Tor Jacob for å auke sjølvforsyningssgrada i Norge og for vilkåra til bøndene.

LANDBRUKSKONFERANSEN 24. NOVEMBER 2023



foto: privat

Marthe Bogstad - Kåra til Norges Ung Bonde 2023.

Bogstad produserer mjølk og kjøt på garden sin i Ullensaker kommune. Ho imponerte juryen med den allsidige tankegangen ho har kring temaet landbruk. Med ei sjøvbygd løe med solceller på taket, melkerobot og skraperobot, er bærekraft ein del av fokuset i den daglege drifta. Vidare har ho eit stort samfunnsengasjement. I 2022 starta ho med «Inn på tunet» på garden.



foto: Johanne Nyborg

Mariann Øye – Hotelldirektør på Hotell Union Øye.

Mariann er odelsjenta som overtok leiinga av Hotel Union Øye berre 22 år gamal, då som den yngste hotelldirektøren i landet. Mariann sitt fokus på godt vertskap og formidling har gitt henne fleire prisar og utmerkingar. Ho ser viktigheita av formidling av lokal identitet gjennom å servere kortreist lokalmat, også frå eigen kjøkkenhage ved hotellet. At kulturlandskapet på Øye og i Hjørundfjorden får si pleie er avgjerande for ei god oppleveling for hennar gjestar.



foto: camilla mellemstrand

Anders Norstad- Siviløkonom, bloggar.

Tidlegare generalsekretær Norges Bonde- og Småbrukarlag, tidlegare råvaretrader. Norstad driv folkeopplysning om kva som påverkar matvareprisane. I meiningsytringane sine prøver han å synleggjere at det ikkje er produksjonskostnadane som driv prisane opp, men at det er andre ledd som sit att med fortenesta.



foto: stortinget

Per Olaf Lundteigen- SP-politikar og stortingsrepresentant.

Lundteigen er utdanna sivilagronom i 1977, og har drive eigen gard sidan 1982. Han var leiar i Norges bonde- og småbrukarlag frå 1986-1992. Han var tidlegare tilsett i Norges Bondelag, ved fylkeslandbrukskontoret i Buskerud og ein kort periode som forskar.